

KYRKJEKONTAKTEN

KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



s. 13: Fredagsklubb

**s. 4
Super frivilligfest**

**s. 10
Presten på privaten**



Tre lokale kunstnarar, Liv Ingunn Sundal, Ingvild Skår og Elin Alver stiller ut i Galleri Petersplassen under kulturdagane i Knarvik kyrkje 24.-27. april.

Tre flotte kunstnarar og konsert utanom det vanlege

Tekst: Arthur Kleiveland

Tre lokale kunstnarar og ein konsert utanom det vanlege. Det kan du oppleve under kulturdagane i Knarvik kyrkje 24.-27. april.

Galleriet på Petersplassen i underetasjen i kyrkja har vist seg som ein flott arena for utstilling av ulike former for kunstnarlege uttrykk. Denne gongen får publikum oppleve kunstverk av tre av våre lokale utøvarar i Alver; Ingvild Skår, Liv Ingunn Sundal og Elin Alver.

Dette er den tredje utstillinga i Galleri Petersplassen. Det blir utstillingsopning fredag 24. april kl. 17.00, med kafé i Speilsalen vegg i vegg. Her kan du i tillegg få med deg ein spennande konsert i kyrkjerommet kl. 19.00.

Galleriet har ope 12.00-16.00 om lørdagen, og søndag frå kl. 13.00-16.00 - og i samband med kveldsgudstenesta i kyrkjerommet kl.19.00, med påfølgande kafeteria på Petersplassen. Du kan også få med deg utstillinga til dei tre kunstnarane måndagen frå kl. 12.00-16.00. Elevgrupper frå 6. trinn

får invitasjon til å møte kunsten og kunstnarane, og i løpet av kulturdagane vil det også vera ei utlodding.

– Kyrkja har vore den fremste kulturberaren i fleire hundre år, så me er i ein god tradisjon når me no presenterer kunst og musikk i den vakre Knarvik-kyrkja, som også fungerer som eit kulturhus i regionen vår, seier Helge Haugland, gallerist på vegner av kyrkja.

Ein fin bukett utstillarar

Det er tre anerkjende kunstnarar som stiller ut i Galleri Petersplassen. Dei representerer god breidde i arbeida sine:

Ingvild Skår stiller med mellom anna maleri og bilder i ull. Ho har hatt fleire utstillingar og utsmykkingsoppdrag og har fått svært gode tilbakemeldingar.

Elin Alver arbeider i fleire teknikkar innanfor tekstil og andre materiale. Ho har hatt fleire utsmykkingsoppdrag, mellom anna til kommunestyresalen i Alver.

Liv Ingunn Sundal lagar kunst i keramikk og porselen i verkstaden sin

i Knarvik. Ho nyt stor anerkjenning, mellom anna for arbeidet sitt med porselensutstyret til alter og døypefont i Knarvik kyrkje.


Heilt spesiell konsert

Det blir ei heilt spesiell musikalsk oppleving i Knarvik kyrkje fredag kveld. Då fyller pianisten Sivert Aase Fluge og organisten Henriette Eide Skagen kyrkja med storslagen musikk.

Dei skal spela verk for solo piano og solo orgel før dei samkøyrer sine musikalske krefter i ei unik framføring av Edvard Griegs klaverkonsert i A-moll. I denne framføringa tek organisten på seg rolla som orkester i samspel med pianosolisten Sivert Aase Fluge, og saman satsar dei på å fylla kyrkja med mektig klang!

Henriette Eide Skagen er særskild aktiv som konsertorganist og er kantor i Uranienborg kyrkje i Oslo. Ho har mastergrad i utøvande orgelspel med fordjuping i improvisasjon frå Noregs musikkhøgskule.

Sivert Aase Fluge er aktiv som utøvar på vestlandet som solist og kammermusikar. Han har mastergrad



i utøvande klaver frå Universitetet i Agder under professor Sveinung Bjelland. Førre konsertsesong var han aktuell saman med kona Enxhi Vogli Fluge i pianoduoen Aase/Vogli duo. Han har også vore solist med Albania sitt nasjonale kringkastingsorkester i operahuset i Tirana.

– Kulturdagane er eit av tiltaka for å invitera inn fleire til å nytta kyrkja vår, gjerne som ein arena og ein møteplass, seier Helge Haugland.



Unik konsert. Sivert Aase Fluge på piano og organisten Henriette Eide Skagen (bilde øverst til venstre) kan opplevast i eit unikt samspel under kulturdagane i Knarvik kyrkje fredag 24. april.

«Under Guds øye»

Rett etter påske blir det ein spesiell temakveld i Knarvik kyrkje. Onsdag 15. april får vi besøk av Kim og Katarina Aasgaard, som har levd store delar av livet sitt i eit lukka kristent miljø.

Etter at dei braut med sekta som styrte liva deira, var dei med i TV2-serien «Under Guds øye».

No kjem dei til oss og vil dela erfaringane sine frå eit strengt religiøst miljø og setja ord på kva fallgruver og mekanismar som ofte pregar slike samanhengar. Dei vil også gje konkrete råd til kristne som ønskjer å gjenkjenna «raude flagg», og til kyrkjelydar og forsamlingar som ønskjer å støtta menneske som har opplevd åndelege overgrep.



Kim og Katarina Aasgaard som braut med sekta som i mange år styrte liva deira.

Super frivilligfest – vil ha endå fleire med på laget

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

Fantastisk med 80 påmelde til frivilligfesten! Det viser at mange synest det er meningsfullt å vera frivillig i kyrkjene i Knarvik sokn. No blir det arbeidd for å rekruttera endå fleire for å styrka og utvida dei mange aktivitetane i kyrkja.

– Det er ei stor velsigning å vera med som frivillig, fastslår Therese Hystad Aakre og Gerd Marit Osland Øvretveit, som i mange år har jobba med barnekor i kyrkjelyden; Hystad Aakre som leiar for SingSingeling/Sing Out i Alversund og Osland Øvretveit som leiar for Knøttekoret i Knarvik.

Slår aldri feil

– Du kan vera trøyt etter endt arbeidsdag, men på øvinga saman med barna får vi ny energi. Det slår aldri feil, seier korleiarane. Dei synest det er veldig meningsfullt å formidla kristne songar og verdier til dei unge.



Du kan vera trøyt etter endt arbeidsdag, men på øvinga saman med barna får vi ny energi, seier Therese Hystad Aakre og Gerd Marit Osland Øvretveit.

No er Knarvik sokn i ferd med å kartlegga behovet for fleire frivillige i kyrkjelydane. Det er sett ned eit frivillig-utval, og det skal lagast ei brosjyre om aktivitetane.

– Dess fleire me er, dess fleire tilbod kan me gje, seier soknerådsleiar Hildur Løkken Lillestøl. Ho er imponert over kor mykje bra dei frivillige gjer.

Tanken er å dela ut brosjyren i ulike samanhengar. Mellom anna er det planar om å ha ein aksjonsdag i Amfi Knarvik etter påske for å informera om aktivitetane som finst – og samtidig invitera folk til å vera med som frivillige medarbeidarar.

Ventar på å bli spurt

– Utan frivillige stoppar Norge, og slik er det også med kyrkja. Vi ynskjer at alle som vil, skal finna sin plass i kyrkjelyden. Mange gjev uttrykk for at dei gjerne vil vera



Duplo-bygga frå kvart bord vart sett saman til DET STORE BYGGVERKET. Eit fint symbol på det fine fellesskapet og lagarbeidet i kyrkjene våre.

med - og andre går kanskje og ventar på å bli spurt om å vera med. Då er det viktig at vi inviterer på ein open og inkluderande måte, seier soknerådsleiar.

– Det er ein fin måte å koma i kontakt med andre, og samstundes får ein oppleve å bidra til noko meningsfullt. Det å få bruka seg sjølv i eit fellesskap, er med å skapa tilhøyrse og eigenverd, seier Hildur Løkken Lillestøl.

Ho legg til at det ikkje er noko krav om å vera fast kyrkjegjengar for å engasjera seg i det frivillige arbeidet.

– Det er mange aktivitetar du som frivillig kan engasjera deg i, og vi håpar du blir med på laget, seier Hildur Løkken Lillestøl.

Det store byggverket

På den årlege frivilligfesten vart det denne gongen servert herleg tapas og gode kaker til kaffien. Programmet inneheldt også musikalske innslag, diktlesing om frivilligheita og god tid til prat.

Folk fekk også vera kreative med å bygga kyrkjelyd ilag. Ved kvart bord fekk kvar enkelt utdelt ein duplo-kloss som skulle byggast saman. Og til slutt vart byggverka frå kvart bord sett saman til DET STORE BYGGVERKET. Eit fint symbol på det gode fellesskapet og lagarbeidet i kyrkjene våre.

Frivilligfesten vart avslutta med kveldsbøn i kyrkjerommet, leia av sokneprest Cathrine.



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gåte:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!



Frå kyrkjebenken

Ein prat med Sigrun Dale

Tekst og foto: Lars Bjarte Nesheim

– *Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?*

– I om lag 50 år tenker eg. No er eg ei gamal dame på over 80 år. Då eg var i 30-åra fekk eg eit meir aktivt forhold både til den kristne trua og kyrkja enn tidlegare. Sidan har eg vore ein aktiv kyrkjemedlem og også hatt oppgåver i kyrkja heile tida, slik som soknerådsarbeid, diakonienmnd, sundagsskule, gudstenesteutval m.v. Eg har også vore kyrkjemedlem i ein periode. Framleis har eg nokre frivillige oppgåver som medlem i gudstenesteutval og klokkevenn. Dette synest eg er gjevande, og eg set pris på å få vera med på dette.

– *Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden din?*

– Eg set pris på fellesskapet, både med dei trufaste som møter opp ved kvar gudsteneste, og med dei som kjem sjeldnare. Uansett grunn for å koma til gudsteneste, så vonar eg at alle får noko med seg. Kjensla av å vera med på noko som er annleis – noko heilagt – når gamle bibeltekstlar vert lesne, og gjennom salmesong og liturgi. Eit møte mellom Gud og menneske, og også ein kontinuitet frå slektene før oss som har site i same kyrkja, høyrte dei same tekstane og sunge dei same salmane. Noko slitesterkt. Ekstra kjekt er det når born og unge er med i gudstenesta og har oppgåver, konfirmantane til dømes!

– *Korleis vil du skildre kyrkja?*

– Mo kyrkje er ei lita trekyrkje bygd i 1883. Den er lun, med trekvite tømmervegger og elles måla i tradisjonelle fargar. Den har ei talande altartavle av Jesus som går på vatnet og Peter som vil gå til han, men heldt på å søkkja. Altartavla er måla av Lars Osa. Det har stått to kyrkjer tidlegare på omtrent same plassen i Mo sentrum.

– *Har du ein salme eller song du er glad i?*

– Eg er glad i salmar, og syng gjerne salmar, både gamle og nyare. Det er fleire eg kunne valt, men eg trur eg vil ta fram den gamle salmen «Med Jesus vil eg fara» av Elias Blix. Den salmen song me både på skulen og i konfirmasjonstida, og den har fylgt meg sidan. Den skildrar så fint eit ynskje om å få leva med Gud og Jesus eit heilt liv, frå vogge til grav. Den står på nr. 419 i Norsk Salmebok, og eg har lyst til å sitere andre verset: «Min Jesus, sannings stjerna, lys opp min mørke veg! Mitt hjarta vil so gjerne få fylgja etter deg. Du lyser enn i verdi som før frå Betlehem. Ver du mitt ljøs på ferdi, til heim med deg eg kjem!»

– *Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?*

– Ved ein god kyrkjekaffi er fellesskapet med dei andre kyrkjemedlemmane det viktigaste, saman med ein god kopp



kaffi i og ein kakebit. Då kan ein ha uformelle samtalar, og gjerne også gjera avtalar for veka som kjem, slik som dei gjorde på den gamle kyrkjebakken. I Mo kyrkjelyd har det dessutan nærast blitt ein tradisjon med kyrkjemiddag etter kyrkjekaffien dei søndagane det er ope på Mobryggja. Då samlast gjerne ein flokk seg der og et middag i lag. Ei fin avslutning på ein preikesundag!

Fremmedord som er hjemme hos oss

Tekst: Jan Rantrud

Foto: Breit Nøst Dale

I en vanlig gudstjeneste bruker vi noen hebraiske, greske og latinske ord som vi har vent oss godt til. Her er de vanligste:

AMEN er hebraisk og uttales helt likt på grunnspråket som på norsk. Det er to ord på hebraisk som kommer fra samme roten: Sannhet og Tro. Vi kan derfor oversette Amen med Dette Er Sant og Troverdig. Det kan i Nytestamentet stå både før og etter et utsagn eller en bønn.

HALLELUJA er også hebraisk og betyr Lovpris Herren. Slutten JA er en forkortelse av det gamle gudsnavnet som blir skrevet JHWH og som ingen kjenner uttalen av. Og **HALLELU** er flertallsform så vi kan oversette det med Alle Skal Lovprise Herren.

HOSIANNA er hebraisk igjen, og består også av to ord. Første delen kommer fra verbet **Å FRELSE** og sluttstavelsen **NA** kan oversettes med Vær Så Snill. Det vi sier er altså

Vær Så Snill Å Frelse Oss!

GLORIA er det eneste latinske ordet jeg kan se at vi har igjen. Det betyr **ÆRE VÆRE-**

For en del år siden sa vi en hel liten setning: Gloria In Excelsis Deo _ Ære Være Gud I Det Høyeste. Rent personlig synes



jeg nok at vi kunne tåle en hel liten latinsk setning fremdeles.

KYRIE ELEISON – KRISTE ELEISON. Dette er gresk. Det betyr Herre Miskunn Deg og Kristus Miskunn Deg.

De to ordene som slutter på e viser at det er den formen vi kaller Vocativ, dvs. tiltaleform hvor vi kunne sette du foran. Altså Du Herre Miskunn Deg og Du Kristus Miskunn deg. Altså litt mer personlig enn det kan høres ut til på norsk.

Fremmedordene er velkomne hos oss.



HELLAND ELEKTRO AS

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



Knarvik Blomstestove



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomstestove.no



NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR



DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam



VATNE
begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

vatne-byra.no

Kva er presten sine oppgåver?

Tekst: Arthur Kleiveland

«Eg har erfart at det i møte med presten er viktig at dei sørgande opplever å møta eit medmenneske og eit håp om at livet trass alt går vidare.»

Sjølvsagt for presten gjer møtet med sorg uansett alltid inntrykk. «Når det er eit ungt menneske eller eit barn som har døydd, er sorga hjå familien botnlaus,» seier sokneprest Bjørn Tore Sæle. (Foto privat)

Gjev håp når alt er som mørkast

- Å møta menneske i sorg, er først og fremst å lytta. Det handlar om å vera eit medmenneske som prøver å forstå korleis familien har det, seier sokneprest Bjørn Tore Sæle i Meland sokn.

Sæle legg vekt på å høyra familien sine tankar og følelsar rundt dødsfallet, og korleis sorga pregar dei. Det varierer sjølvstendig mykje korleis dei pårørande har det.

- Ofte er sorga stor også når det er ein eldre person som er død. Når yngre dør, og når det skjer ein brå og uventa død, kan familien dessutan vera i sjokk og situasjonen kan føldest kaotisk. Og sjølvstendig vil det vera ekstra krevjande med små barn mellom dei etterlatne, seier Sæle.

Han vil gje dei sørgande hjelp med å ta nokre av stega vidare i prosessen dei må gjennom.

For Sæle er det i første omgang gjerne ikkje dei store tankane omkring tru og det kristne håpet som blir tema i møte med dei pårørande. Soknepresten har erfart at det i starten er vel så viktig at dei sørgande opplever å møta eit medmenneske og eit håp om at livet trass alt går vidare.

- Men det store håpet og trøysta i Jesu oppstode er ein berebjelke i gravferda. I møte med siste farvel og ei open grav er det godt å peika på håpet, Jesus som sigra over døden, seier Sæle.

Sårbare og hjelpelause saman

Sjølvsagt for presten som profesjonell aktør, gjer møtet med sorg uansett alltid inntrykk.

- Når det er snakk om eit ungt menneske eller eit barn, er sorga hjå familien botnlaus. Då blir ein som medmenneske fattig, for trøyst finst ikkje. Det einaste vi kan, er å vera sårbare og hjelpelause saman med dei som sørgjer, seier Sæle.



Utfordrande og meningsfullt

- Familie, kyrkje og byrå samarbeider etter beste evne for at gravferda skal bli ein verdig, vakker og fin avskjed, midt i sorga og saknet. Håpet er at musikk, blommar, minnetalar og andakt blir noko ein i familien kan tenkja tilbake på som eit godt minne.

- Men dei gongane dødsfallet kjem brått og uventa og skjer på ein kanskje tragisk måte, er alt dette meir utfordrande, men samtidig minst like viktig. I den tyngste sorga er oppgåva større, og samtidig ekstra meningsfull, seier Sæle.

I gravferda les presten minneord frå næraste familie basert på ein samtale. Kven som lagar minnetalen varierer. Nokre gonger har ein eller fleire i familien skrive ein komplett minnetale som dekkar det meste av livsløp, personlegdom og interesser. Ofte er presten delaktig i, eller den som utformar talen.

- Så er det også ganske vanleg at ein eller fleire kjem med ei personleg helsing i tillegg, som då ikkje fokuserer på livsløpet, men heller på personen sitt forhold til avdøde. Barn og barnebarn kan for eksempel fortelja litt om kva foreldre eller besteforeldre betydde for dei. Det kan også vera helsingar frå vener, kollegaer og andre lengre ut i slekta.

Bisetjing og gravferd

Dei fleste vert gravlagt i kiste, men det er blitt stadig meir vanleg med bisetjing også i vårt distrikt. Med etableringa av minnelund ved gravplassen i Knarvik – og planar om minnelund andre stader i distriktet, er det grunn til å tru at nedsetjing av urne vil bli meir brukt.

Ved bisetjing gjer presten jordpåkasting inne før siste salme. Deretter går dei som ber kista og dei frammøte samla ut til ein ventande bærebil, og så blir seremonien avslutta når bære bilen har kjørt.

I gravferd blir jordpåkastinga på gravplassen, med bønn og skriftord, senking og 3 x 3 klokkeslag og med song før og etter.

Ny serie: **Når livet tek slutt**

Songen rører oss sterkt

Tekst: Arthur Kleiveland

- Songen er meir enn ord og tonar, den rører oss djupt i sjel og kjensler, seier kantor Odd Leif Mjøs i Knarvik sokn.

I kyrkjelege gravferder gjev salmesongen eit høve for kvar og ein til deltaking og uttrykk i fellesskap. Mjøs peikar på at val av salmar og musikk er ei vurdering for kvar enkelt situasjon, og pårørande kan få gode råd både frå byrå og kyrkje.

- Det treng ikkje vera så avansert, det viktige er at det kan fungera som eit felles multiplum. Musikken i starten er ofte mjuke tonar, utgangen treng gjerne noko meir lyd. Sjølv om den liturgiske ramma stort sett er fastlagt, er kvar gravferd ein unik og vår situasjon. Enkle og naturlege val for gravferder fungerer ofte veldig godt, seier Odd Leif Mjøs.

Organist William Kay i Radøy sokn fortel at det vanlege er at kyrkja får tilsendt ei bestilling frå gravferdsbyrået om kva salmar familien har vald ut. Salmar som skal syngast, må stå i Norsk salmebok, med opning for bruk av andre salmebøker (t.d. Sangboken) i visse høve.

- Byråa i vårt område held seg til det og informerer familiane om det. Andre songar og viser kan brukast som innslag, anten i samband med minneorda eller som pre-/postludium, då med innleigd solist, ikkje som fellessong.

Sokneprest Bjørn Tore Sæle i Meland sokn fortel at familien i samråd med byrå har avklart det meste av musikken før han møter dei.

- Så kan vi samtala litt omkring salmane, kanskje justera litt enkelte gongar. Men det vanlegaste er at familien og byrået har landa på fine songar og solistinnslag, som då kyrkjemusikar og prest går inn i.

- Det er ganske vanleg med solistinnslag i gravferd. Ofte er det profesjonelle musikarar og songarar som deltek, men det er også ganske vanleg at nokon i familien og slekta bidreg. Då kan det vera instrumentale soloinnslag, eller song som gjerne kyrkjemusikaren spelar til. Ofte er solosongen i starten av seremonien og rett etter lesing av helsingane på kransane.

Det er vanleg at organisten spelar ei tid før seremonien startar.

- Det gjev ro til ettertanke og førebuing, og dessutan opplever mange det fint at det blir mindre trykkande stille i kyrkja når organisten spelar, seier Bjørn Tore Sæle.

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

Bolig og industri • Alarm
Billadere • Adgangskontroll
Tele/data-nettverk •
Automatisering •
Godkjent for kontroll
av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST - LØSNINGSORIENTERT - SAMARBEIDSVILLIG



Vi tilbyr gratis
fiolinmusikk og
solosang/forsanger



Døgnvakt 56 35 00 00 Isdal 13, 5916 Isdalstø www.alverbegravelse.no

ByggTeam
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

AMFI
KNARVIK



Specsavers®

OPTIKER I KNARVIK
-Bestill synsprøve nå!
RING 56 35 14 66



Han elsker turgåing, skriving og formidling

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

NAMN: Torbjørn Sæle

ALDER: 40

SIVILSTAND: Gift med Stine Karin

JOBB: Sokneprest i Radøy sokn

HERLEG: – Det er ikkje mykje som slår ein fin tur på fjellet, seier sokneprest Torbjørn Sæle, her med Manger-bygda i bakgrunnen.

Når Torbjørn tek seg ein tur på fjellet, let han ofte tankane fara og snekrar gjerne saman nokre setningar, som kan bli til eit dikt eller til ettertanke, og gjerne med eit foto som supplement.

– Eg likar å leika med ord. Det er noko eg finn meaning i og som inspirerer meg til også å dela med andre, som for eksempel på Facebook.

Den nye soknepresten på Radøy, Torbjørn Sæle, er neste mann ut i serien «Presten På Privaten».

Torbjørn har skrive mange dikt opp gjennom åra, og jamvel ein del salmar. Nokre av dei er tonesett, som til dømes «Vi ventar på ein konge», «Dagen er til ende» og konfirmantsongen «Tusen åpne dører».

– Du har også skrive bok, no sist «Peters hemmelige notater». Kvifor skreiv du den boka?


– Eg har eit ønskje om å gjera bibelforteljingane lettare

tilgjengelege, med ein litt annan innfallsvinkel. I denne boka har eg tenkt ungdom og konfirmantar, og prøvd å la det vera ein dørøpna inn til tekstane, enten for første gong eller på nytt. I boka har eg prøvd å setja meg inn i korleis det var å vera apostelen Peter – på både godt og vondt, seier Torbjørn.

Blei nesten journalist

Den turglade 40-åringen frå Nedre Sagstad på Holsnøy har alltid likt å skriva. Truleg var det derfor han melde seg som frilanser for avisa Nordhordland då han gjekk på vidaregåande på Lindås gymnas. Men allereie då han som ungdomsskuleelev var i arbeidsveke i same avis, vart skrive- og formidlingstrongen skapt.

– Det var i første rekkje referat frå fotballkampar, konsertar og ein del reportasjar eg dreiv med. Eg hugsar godt ein tittel frå golfbana på Fløksand, der mange ungdommar var i aktivitet: «Ungdommar i full sving». Den tittelen likte redaktøren godt!



NY BOK: I boka «Peters hemmelige notater» prøver Torbjørn å setja seg inn i korleis det var å vera apostelen Peter.

Torbjørn ser ikkje bort frå at han hadde blitt journalist dersom han ikkje hadde valt presteneste.

Eit avgjerande spørsmål

– Kvifor vart du så prest?

– I mi ungdomstid var eg aktiv i det kristne miljøet i Meland – også som leiar i bedehus- og kyrkjemiljøet. Men det var etter ei skulegudsteneste i Alversund i første klasse på vidaregåande at tanken om å bli prest først dukka opp.

– Kva skjedde der?

– Det var ein prest som spurte meg etter gudstenesta: Kva har du tenkt å bli når du blir stor? Eg klarte ikkje heilt å svara på spørsmålet før presten sa til meg: «Eg trur du skal bli prest!» Eg tok det med meg inn i juleferien, grubla litt over det før eg bestemte meg for at ja, det er prest eg vil bli.

– Kven var det som spurte deg?

– Det var Idar Simonsen, seier Torbjørn, som omtalar hendinga i Alversund som eit kall.

Han tok nokre umiddelbare grep då han hadde bestemt seg, ved mellom anna å velja bort realfag på vidaregåande.

– Eg tenkte at det treng eg ikkje, eg ville heller ta fag som kravde litt mindre av meg, fordi eg hadde lyst til å engasjera meg i kristent ungdomsarbeid og vera frivillig der.

Ikkje ukjent med radværingane

Etter vidaregåande hadde Torbjørn sivilteneste i Meland

kyrkjelyd før han tok fatt på eit seks års utdanningsløp ved Menighetsfakultetet (MF) i Oslo.

Hans første jobb var som prest i Fagerborg kirke i Oslo. Deretter følgde teneste som spesialprest i Knarvik – før han vart sokneprest i Masfjorden. Alle desse tre jobbane hadde han i fire-fem år på kvar plass, før han i fjor haust vart tilsett som sokneprest på Radøy.

– Men du var ikkje heilt ukjent med Radøy og radværingane då du starta i fjor?

– Nei, eg var heldig og hadde sommarjobb på Radøy både i 2008 og 2009 då eg studerte ved MF. Det gav meirsmak, så derfor søkte eg meg til den grøne øya då Kjell prest gjekk av.

Brann er favorittlaget

– Har du ein hobby du er opptatt med?

– Forutan turgåing – og skriving og fotografering – som gir meg både ro og inspirasjon, er eg glad i fotball. Eg trenar med ein kompisgjeng ein gong i veka på gamle Knarvik barneskule.

– Har du eit favorittlag innan fotballen?

– Ja, det er heilt klart Brann. Eg har partoutkort på Stadion og prøver å få med meg heimekampane der. Elles er eg opptatt av landslaget så klart, eg har vore på nokre landskampar i Oslo.

– Og mange har eit favorittlag i England. Kva er ditt lag?

– Det er Tottenham, men det skal seiast at eg er ikkje blodfansupporter, det går litt i bølgedalar. Brann er viktigare for meg, seier Torbjørn med eit smil om munnen.

Torbjørns slektsnamn Sæle er frå Øygarden, sjølv er han fødd og oppvaksen i Meland.

– Retreat gir meg mykje

– Er det andre ting som opptek deg?

– Eg har stor sans for å vera på retreat, både som deltakar og som tilretteleggjar. Eg har vore fleire gonger på Lia Gård på Koppang, i Ål og på Wallemtnet på Kvamskogen, samt retreatkveldar i Bergen.

Retreat er å trekkje seg tilbake til ein stad, der ein kan vera i fred og stille – og samla seg om meditasjon og bøn.

– Kva gir det deg å vera på retreat?

– Det er ein arena der eg opplever at det er godt å vera, der ein kan både kobla av og kobla på. Ein kjem nærmare Gud, sansene blir forsterka, kreativiteten blømer, ein får kvilepuls og opplever eit fellesskap i ein rytme av bønn og stillhet. Til og med maten smakar betre på retreat, avsluttar ein smilande Torbjørn Sæle.



RISNES
ELEKTRO AS

Elinstallatør • tlf. 56349620

KULTUR- KALENDER

Lørdag 11. april

Knarvik kyrkje kl.19.00

Konsert med kora Knarvik Gospel og Te Deum

Søndag 19. april

Ostereidet kyrkje kl.18.00

Konserten "Dag for dag" med Jon Martin Skauge og band

Onsdag 22. april

Musikkandakt i Meland kyrkje kl.19.00

Meland Seniorkor, dir. Kristine Fluge

Fredag 24. april

Knarvik kyrkje kl.19.00

«Griegs A-moll i ny drakt» - konsert med pianist Sivert Aase Fluge og organist Henriette Eide.

Billettsal i døra – kr. 300. Gratis for kulturskuleelevar

Fredag til mandag 24. – 27. april

Knarvik kyrkje

Kulturdagar med utstilling på Galleri Petersplassen

Onsdag 6. mai

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19.00

Elisabeth Svane, fiolin
Magnus Blom, piano og orgel

Søndag 7. juni

Lindås kyrkje kl. 18.00

Konserten "Dag for dag" med Jon Martin Skauge og band

Onsdag 17. juni

Musikkandakt i Meland kyrkje kl. 19.00

William Kay, orgel
Malgorzata Tveit, fløyte

Påskeandakt



Av Torbjørn Sæle, sokneprest på Radøy

Betyr det noko om du er der når det er gudsteneste eller andre samlingar i kyrkja?

Tomas, ein av dei tolv, han som vart kalla Tvillingen, var ikkje saman med dei andre læresveinane då Jesus kom (Johannes 20,24).

Sånn begynner ein av påsketekstane i Bibelen. Og vi kan lura: Kor var det blitt av Tomas?

Det kan vera mange både gode og mindre gode grunnar til at nokon ikkje er der når flokken samlast. Kanskje hadde Tomas behov for å vera litt aleine? Kanskje var han ute og fiska? Kanskje tenkte han at tida med Jesus eigentleg var litt bortkasta, når alt rakna og Jesus døydde. Var det då verdt å følgja han?

Påskedagen er flokken samla, sorgfulle og redde. Men Tomas manglar. Og det som er heilt klart er at Tomas gjekk glipp av noko viktig – eit møte med Jesus.

Ein eller fleire av læresveinane må ha tenkt på Tomas, og sørga for å få han med tilbake i fellesskapet. Kanskje dei sa noko sånt som: «Tomas, veit du kva som skjedde den kvelden då du ikkje var der? Dørene var låst, men plutsleg stod Jesus der, han viste oss hendene med såra sine. Han lever! Her er verkeleg tilbake! Du MÅ vera der neste gong vi samlast ...»

Tomas er først litt avventande, og eg kan kjenna meg igjen. Kan det verkeleg stemma? Kanskje tenker han at det var dårleg gjort å tulla med sånt, om dette ikkje var sant. Men gleda og begeistringa i det

dei fortel, må ha gjort noko med Tomas.

For neste søndag så er Tomas der. Kvifor? Jo, fordi nokon inviterte han med – tilbake i fellesskapet!

No får også Tomas sjå Jesus med sine eigne auge, og han får med sine eigne hender kjenna at det er Jesus! Og Tomas, som litt ufortent seinare har blitt kalla «tvilaren», får lov til å uttrykka si tru. Direkte til Jesus: «Min Herre og min Gud!» seier Tomas i truedkjenninga si.

Så når flokken rundt Jesus; læresveinar, kyrkjemedlemar og bygdefolk, barn, ungdom, konfirantar, vaksne og eldre møtast til gudstenester og andre samlingar i kyrkjene våre – ja, så er det faktisk eit poeng å vera der. Det betyr noko at akkurat du er der!

Ikkje berre fordi du kan synga til fin musikk, risikera å høyra noko fornuftig bli sagt av presten og treffa andre over ein kopp kaffi. Men først og fremst fordi Jesus er der. Der to eller tre eller mange er samla i hans namn, der kjem den levende og oppstadne og møter oss og seier: «Fred vere med dykk.»

Kanskje er det tid for å koma tilbake – eller koma og bli ein del av eit fellesskap? Eller kanskje er det du som kan invitera med nokon?

Måtte Jesus få møta oss alle med sin fred, akkurat der vi er, her og no, denne påsketida og alle dagar.

God påske!



På fredagsklubben er det tilbud om kjekke aktivitetar, lek og spel, og i ungdomsrommet er det populært med air-hockey.

Fredagsklubb for 5.-7. klasse – og 4. klasse

Tekst: Kristin Gilje Vestbøstad

Fredagsklubben er eit fritidstilbod for 5.-7. klasse. Annankvar fredag samlast barn frå Knarvik, Alversund og Seim, og også frå Ostereidet, Lindås, Hylkje og Hordvik, i kyrkjekjellaren i Knarvik kyrkje. Her vert det kjekke aktivitetar, lek, prat, spel, andakt og kiosk.

Så langt i år har klubben tilbydd kjekke og varierte aktivitetar som Just Dance, gaming, bingo, spel, Kahoot og «Lag din eigen pizza». Mange av deltakarane synest det er stas å lage mat, og dei som har lyst, får hjelpe til med vaffelsteiking og servering i kiosken.

Frå og med fredag 20. mars er årets fjerdeklassingar hjarteleg velkomne på Fredagsklubben. Denne kvelden står påskeverkstad med påskekafe på programmet, og foreldre er inviterte med.

Nedanfor finn du programoversikta for våren, fredagar kl. 18-20:

- 20/03 – Påskeverkstad med påskekafe (foreldre er inviterte)
- 10/04 – Ballongleik
- 25/04 – Ballsport og lek i Knarvik Arena (laurdag kl. 10:30–12:00)
- 08/05 – Fun-Battle
- 22/05 – Rebusløp



På samlinga i april vert det ny runde med ballongleik.

Slekters gang

Knarvik

Døpte

02.11.25 - Isak Hjelvin Johansen
16.11.25 - Signy Gjermundsdottir Bø Karlsbakk
23.11.25 - Luka Vattøy-Wergeland
11.01.26 - Odin Johan Hartveit Jensen
11.01.26 - Emil Andre Vindegg Litleskare
18.01.26 - Ada Ulvatn Sæbø
15.02.26 - Charlie Øksnes Bratten
15.02.26 - Max Freyrheim

Døde

17.10.25 - Willy Arent Espenes f. 1957
31.10.25 - Johan Nicolai Lieske f. 1953
03.11.25 - Kenneth Buhmann f. 1966
23.11.25 - Johan Severin Bø f. 1933
28.11.25 - Alf-Helge Aarskog f. 1967
05.12.25 - Gudrun Lerøen f. 1924
11.12.25 - Turid Kopsiewicz Halvorsen f. 1961
01.01.26 - Bjarne Solend f. 1942
26.01.26 - Edmund Eidsheim f. 1938
04.02.26 - Karsten Nyhammer f. 1927

Alversund

Døpte

30.11.25 - Ingrid Lygren-Husebø

Døde

16.11.25 - Gudmund Martin Taule f. 1948
02.12.25 - Magne Andreas Skjelvik f. 1942
08.01.26 - Jonny Hatlelid f. 1952
26.01.26 - Marit Elin Løvteit f. 1945
30.01.26 - Irene Kvamme f. 1946

Seim

Døpte

09.11.25 - Ludvig Seim
09.11.25 - Mathias Haugsvær Langesæter
07.12.25 - Mikkel Feste-Hoff

Døde

28.10.25 - Solveig Riise f. 1931
19.11.25 - Trygve Nesse f. 1938
26.12.25 - Ottar Skår f. 1940
12.01.26 - Kjellaug Bergit Nesse f. 1936

Lygra

Døde

08.12.25 - Frank Rune Nesse f. 1951
24.12.25 - Raymond Myksvoll Ludvigsen f. 1979

Basar

Mykje flott på basaren

Mange flotte gevinstar vart lodda ut på den årlege basaren til inntekt for drifta av kyrkjelydshuset i Alversund. Det kom inn ca 70.000 kroner til saman på årsal og sal på bøker før basaren. Det var også eit eige barnelotteri med gevinst til alle. SingSingeling/Sing Out spreidde god songglede under basaren i kyrkjelydshuset. Barnekoret var også denne gongen flinke til å selja lodd på bøkene. Og «Strikkekaféen» som held til på kyrkjelydshuset, stilte med fine strikka gevinstar.

Hilde Pollen heldt andakt, og tradisjonen tru vart det servert kaffi og kaker.

Vinnarar hovudlotteri, 14. februar 2026

I-pad - Dagmar Lygre. Strikka sjal, «Myrull» - Helga Stokke. Barnegenser - Johannes Øpstebo Aamli. Vest, dame - Nina Fiske. Fiskestong, born - Tutti Korneliusen. Saueskinn - Andrea Alsaker. Vedsekk - Anne Lise Fyllingen. Dagstursekk m/termos - Jenny Valle. Riskokar - Ingebjørg Palmesen. Eggekokar - Elin Gjeseng. Frottéhandklær - Aud Palmesen. Strikka pledd - Ove Normann Morken. Dokke m.klær og korg - Randi Børdal. Steikepanne - Marit Synnevåg. Genser, herre - Øystein Valle. Genser, dame - Kenneth Ludvigsen. Dekkhuset, dekkskift - Per Arne Bekken. Strikka ullsokkar, «Russesokk» - Christa Skanding. Bygdebok for Alversund - Fabian Emil Torvund. «Gabben», gåvekort - Ingunn Straume. Radiostyrt bil - Randi Børdal. Verktøy - Arthur Kleiveland. Alver hotell, «Søndagskoldbord» for 2 personar - Ingelaug Morken. Bunadssokkar, herre, Nordhordlandsbunad - Andrea Alsaker. Eva Solo, kaffikanne - Marie Henriksbø. Barnegenser - Trude Morken Carlsen. Strikka skjerf - Torhild Herstad. Strikka babyteppe - Henriette Norheim.



Basar: Torunn Øyri Jordal og Sissel Thowsen Mo er to av eldsjelenene bak basaren med inntekt til kyrkjelydshuset i Alversund. Privat foto.

REMA 1000

Tankestrek

Tekst: Cathrine Grutle

Ordene fra påskedramaet

Ord har makt. Det er det ikke vanskelig å være enig om.

Ord er på et vis magiske, for de kan sette oss på sporet av en hel fortelling.

Fortellinger som angår både tro og liv.

Hva med PALMEGRENER?

Det er vanskelig å se for seg hva inntoget i Jerusalem hadde vært uten palmegrener. De var lette å få fatt i og folk svingte dem som flagg der de hyllet Jesus, annerledeskongen som red inn i den hellige byen for siste gang.

Med ett ord transporteres vi tilbake i tid, til hendelser som for alltid endret våre kår her på jorden.

DUENE fikk friheten tilbake den dagen Jesus, i sinne, veltet bord og benker mens han ropte: «Mitt hus skal være et bønnens hus». Duer var de fattiges gave når de ville bære frem et offer i tempelet. Josef og Maria hadde med seg duer da Jesus ble båret frem i tempelet som liten. Snart ble denne typen offer overflødig. Et større offer skal bæres frem for Gud.

Det er ikke bare i våre dager at kremer og salver er dyre saker.

NARDUSSALVEN kvinnen lot renne over Jesu hode og kropp, kostet en formue. Duften fylte hele rommet hvor de var samlet, men noen hvisket: Sløseri! Var dette starten på slutten for Judas? «Hun salvet meg til min gravferd,» sa Jesus. Han visste hva som ville komme, og salven er et hint som ingen rundt ham skjønte.

«Følg mannen med VANNKRUKKEN». Jesus var god til å planlegge. Han visste at en mann som bar en krukke med vann, ville være godt synlig i menneskemengden. Å hente vann til husholdningen var kvinnearbeid. Å se en mann gjøre det samme, ville vært oppsiktsvekkende. Disiplene fant ham og ble tatt med til et rom med tepper og puter. Et rom som var gjort klart til måltid. Da kvelden kom, begynte Jesus å vaske disiplene sine føtter og lindret sår og slitenhet. Han ga dem og oss «liv fra kilder utenfor oss selv».

SØLVPENGER. 30 sølvpenger var prisen den religiøse eliten satte på Jesus og betalingen Judas fikk for et kyss. Da Jesus ble dømt til døden, brant myntene i lommen på ham som hadde sviktet, og han angret. Sviket ble så stort at det ikke var til å leve med. Mørket samlet seg om ham og over Jerusalem.

TORNEKRONEN er en underlig ting. Kurvmakeren som laget den, må ha lurt på hva den skulle brukes til.

Lange slanke rosegrener fikk blomstene revet av. Latteren og de hånlige ordene som ble ropt ut mot ham som måtte ha denne underlige kronen på hodet, gjør det bare verre.

Forhenget i tempelet revnet da alt var over, og de modigste kom og tok Jesus ned fra korset og svøpte ham forsiktig i et LINKLEDE. Ikke ulikt kledet han ble svøpt i som nyfødt. Så ble han lagt inn i gravhulen. Steinen ble rullet foran inngangen til graven. Alt er egentlig tapt, men inne i den mørke hulen skjer underet. Linkledet blir liggende igjen alene.

Graven lå i en HAGE, og det er her vi møter kvinnene. De kom og så at steinen var veltet bort, og soldatene var forsvunnet. Sola skinte inn i den mørke hulen, og de kunne se at graven var tom. Maria stod der og gråt. I det samme snudde hun seg og så Jesus stå rett foran seg, men hun skjønte ikke at det var ham. Det var først da han kalte henne ved navn, at hun kjente ham igjen.

Alle disse ordene – palmegrener, duer, nardussalve, vannkrukke, sølvenger, tornekrone, linklede, hage – danner stammen i påskedramaet for meg. De spiller en rolle i fortellingen om Jesu siste dager, før og etter korsfestelsen. Og kan fungere som små veiskilt på veien gjennom påskedramaet og frem til oppstandelsen. God påske!



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontakten:

Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

Opningstid:

Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø

post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

Facebookside:

Knarvik kyrkje

Kontonummer: 3633 67 39882

Vipps: Nytt VIPPS-nummer: 56789
vel «Kyrkjekontakten» i menyen.

Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjevevjerje: John Fredrik Wallace
jw734@kyrkja.no

Leiar i fellestrådet: Sølvi Knudsen

Soknerådsleiar:

Hildur Løkken Lillestøl

Kyrkjekontakten

Utgevar: Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Berit Nøst Dale

Lokal redaksjon: Arthur Kleiveland, Håkon Glatved-Prahl, Synnøve Bjørndal

Grafisk design: Simen Søvik

Trykk: Aksell

Framsidedeilete: Stor aktivitet på Fredagsklubben. Foto: Kristin Gilje Vestbøstad.



Helge Taranrød

Prost
ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace

Kyrkjevevjerje
jw734@kyrkja.no



Cathrine Grutle

Sokneprest
cg836@kirken.no



Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Spesialprest
td663@kyrkja.no



Synnøve Bjørndal

Dagleg leiar
sb876@kyrkja.no



Kristin Gilje Vestbøstad

Kyrkjelydspedagog
kv479@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs

Kantor
om623@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad

Kateket
nm853@kyrkja.no



Bjørn Furukawa

Kyrkjetenar
bf982@kyrkja.no



Gudstenestekalender

Knarvik

29. mars

Palmesøndag
Kl. 11.00 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Familiegudsteneste. Dåp.

5. april

Påskedag
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle. Dåp. Nattverd.
Søndagsskule.

12. april

2. s. i påsketida
Kl. 11.00 v/ Helge
Taranrød. Nattverd.

19. april

3. s. i påsketida
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle. Familiegudsteneste.
Dåp. Knøttekoret deltek.

26. april

4. s. i påsketida
Kl. 19.00 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn og
Andreas Westermoen m/
band. Bønevandring og
nattverd.

3. mai

5. s. i påsketida
Kl. 10.00 og 11.45
v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

10. mai

6. s. i påsketida
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle. Dåp. Nattverd.

17. mai

Kl. 10.15
v/ Knut Fr. Sørheim.

24. mai

Pinsedag
Kl. 11.00 v/ Øystein
Skaug. Dåp. Nattverd.
Søndagsskole.

31. mai

Treeiningssøndag
Kl. 19.00 v/ Cathrine
Grutle og Andreas
Westermoen m/ band.
Bønevandring og nattverd.

7. juni

2. s. i treeiningstida
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle. Dåp. Nattverd.
Søndagsskule.

Seim

3. april

Langfredag
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle.

10. mai

6. s. i påsketida
Kl. 10.00 og 11.45
v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

17. mai

Kl. 11.30
v/ Knut Fr. Sørheim.

14. juni

3. s. i treeiningstida
Kl. 11.00. Dåp.

Alversund

2. april

Skjærtorsdag
Kl. 19.00 v/ Cathrine
Grutle. Kveldsgudsteneste.
Nattverd.

26. april

4. s. i påsketida
Kl. 11.00 v/ Cathrine
Grutle. Dåp.

17. mai

Kl. 10.30 v/ Cathrine
Grutle.

Laurdag 30. mai

Kl. 10.00, 11.45 og
13.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

Lygra

19. april

3. s. i påsketida
Kl. 13.30 v/ Cathrine
Grutle. Dåpsgudsteneste,
viss det vert meldt dåp.

17. mai

Kl. 12.00 v/ Cathrine
Grutle.

31. mai

Treeiningssøndag
Kl. 10.00, 11.45 og
13.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

Måndag 1. juni

Kl. 18.00 Gudsteneste
i samband med
Alversunddagane. Ivar
Skippervold. Kyrkjekaffi i
kyrkjelydshuset.

Stille andakt i Seim kyrkje

Søndag 19. april
kl. 18.00

Ei stille andakt
inneheld nokre enkle
bøner og songar og
stille refleksjon over
søndagens tekst.
Arrangør er Knarvik
sokneråd, Helga Bjørke
Harnes leier samlinga.

Kvardagsgudstenester i Alversund kyrkjelydshus

Måndagar kl. 14.00
Kyrkjekaffi. Tur – «Kyrkjegang» kl. 12:30.
13. april
11. mai